

## 150 møtte nypresten:- Jesus er kull!



Nypresten i kyrkja med kyrkjelydssekretæren bak

**- Jesus er kul, han elsker å overraske!**

Det sa den nye soknepresten Lina Håland då ho møtte kyrkjelyden i Uskedalen for første gong i ettermiddag. Dagens tekst handla om då Jesus metta 5000 med 5 brød og 2 fiskar og 150 møtte nypresten. Både ho og soknerådet var svært godt fornøgde med frammøtet og biskopens helsing til kyrkjelyden i samband med at soknet har fått ny prest vart til fulle innfridd.



Biskop Halvor Nordhaug har oppmoda om at ho skal bli møtt med vørnad og kjærleik som ein kristen kyrkjelyd er sin Herrens tenar skuldig.

Den nye Presten har den fyrste dåpen



- Takk for bøkene! Nypresten klappar til venstre

Det var ellers ein mangfaldig og uhøgtideleg gudteneste. Både soknepresten, trusopplærar Berta Haugland og kyrkjelydssekretær Oddbjørg Heimark hadde roller å spela og nypresten var med i ymse av dei. Mellom anna døypte han Mari og var med under presentasjonen av neste vårs 11 konfirmantar som er Mats Løland Eik, Anine Enes, Hanne Tungesvik Hauge, Veslemøy Haugland, Hans Magnus Sæle Kårstad, Hilde Legland, Torstein Tungesvik Myklebust, Joakim Ljosnes Myklebust, Merete Myklebust, Ann Helen Rød og Jakob Soltveit Taranger.

Vidare var ho med i utdeling av bøker til mellom andre fjerdeklassingar.

Nypresten sin vakre gospelrøyst får vi sikkert høyra meir av ved neste høve.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Soknepresten og konfirmantane